



## Innspel til ny Kulturmiljølov

Det blir arbeida med å lage ein ny kulturmiljølov i Noreg som vil erstatte Lov om kulturminner (Kulturminneloven) frå 1978. Vern av den immaterielle kulturarven er ikkje lovfesta i dagens Lov om kulturminner. Det er eit sterkt ønske frå ulike miljø at immateriell kulturarv skal få ein plass og bli løfta fram i ein ny kulturmiljølov. Noregs Ungdomslag står opp om dette synet.

Noregs Ungdomslag (NU) er ein kulturorganisasjon som skaper levande lokalkultur. Organisasjonen vart stifta i 1896, og vi har i dag om lag 12.000 medlemmar fordelt på 380 lokallag rundt om i heile landet. Vi har eit ansvar for å ta vare på og stadig aktualisere den tradisjonelle folkekulturen. Dette gjer vi for å styrke lokalsamfunn i heile Noreg. Medlemmane våre får høve til å utøve både tradisjonelle og nye kulturuttrykk, samtidig som dei lærer å organisere aktivitetane. Med det styrker vi òg samfunnet og demokratiet. I desember 2022 vart Noregs Ungdomslag akkreditert av UNESCO som rådgivande organisasjon for konvensjonen av 2003.

I 2007 ratifiserte Noreg UNESCO sin konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Konvensjonen legg eit stort ansvar på det norske samfunnet og ved å ratifisere konvensjonen forpliktar Noreg seg særleg til å verne om den immaterielle kulturarven.

I mandatet for Kulturmiljølovutvalet står:

*Lovforslaget skal sikre at kulturmiljøforvaltningen organiseres og utøves i samsvar med Norges internasjonale forpliktelser. Selv om det i eksisterende lovgivning er gjort justeringer for å oppfylle forpliktelsene, er det behov for en gjennomgang og vurdering av hvordan forpliktelsene bør ivaretas i en ny lov.*

Vidare står:

*Forslaget til ny lov skal først og fremst gi grunnlag for vern av materiell, og ikke immateriell kulturarv. De to dimensjonene er likevel i noen grad knyttet sammen, for eksempel der immaterielle verdier kan knyttes til en fysisk lokalitet. (...) Utvalget skal drøfte om, og eventuelt hvordan, lovforslaget bør ta høyde for sammenhengene mellom kulturmiljø og relevante deler av den immaterielle kulturarven.*

Noregs Ungdomslag er som Norsk handverksinstitutt uroa over at lova, slik mandatet er, ikkje kan omfatte all immateriell kulturarv. Vi står difor deira innspel til lovtekst som avgrensar lova til dei fysiske kulturmiljø, men peikar på at den immaterielle praksisen har eit tilsvarande kvar til vern.



Lokallaga i Noregs Ungdomslag driv i høgste grad arbeid med både materiell og immateriell kulturarv. Det finst om lag 300 organisasjonseigde ungdomshus som blir drifta og heldt ved like av våre lokallag. Om lag 100 av desse er det einaste forsamlings- eller kulturhuset i si bygd eller grend. Desse og andre organisasjonseigde kulturhus rommar mangfaldig aktivitet og er samlingsplassar for menneska i lokalmiljøet. Song, teater, dans, handverk, juletrefestar og andre tradisjonelle arrangement er eksempel på kva våre ungdomslag driv med, og mange stader er ungdomshuset arena for denne aktiviteten.

Det å drifte og vedlikehalde eit aldrande ungdomshus krev kunnskap om handverks- og byggteknikkar, og ikkje minst kunnskap om organisasjonsdrift, arrangering og gjennomføring av tradisjonelle tilstellingar. Utan kunnskap om handverksteknikkar vil ein ikkje kunne skape dei materielle, tradisjonelle handverksprodukta. Utan musikkinstrumentet vil ein ikkje kunne spele dei gamle slåttane, og utan musikken blir det vanskeleg å danse dei lokale bygdedansane. Utan ungdomshuset, med sin scene, blir det utfordrande for teaterlaget å framføre sine førestillingar.

Våre lag og medlemmar er og driv med levande/immateriell kulturarv, i tett tospann med den materielle kulturarven. At vi er ein organisasjon med både lange tradisjonar og kulturaktivitet som hovudinteressefelt gjer at vi er opptekne av at arbeidet som kulturmiljøutvalet skal gjere fører til ein ny lov som vi opplever at tek i vare interessene til våre lokallag og kulturmiljø elles.

Noregs Ungdomslag vil be utvalet vurdere om gjeldande lovgiving tek i vare forpliktingane Noreg har til å verne om den immaterielle kulturarven eller om ein må sikre plass til den immaterielle kulturarven i ein ny kulturmiljølov fram til ein eventuell eigen lov om vern av denne er på plass.

Vi vil samtidig be utvalet vere særleg merksam på eventuelle risikoar ved å la ein ny lov omfatte relevante delar av den immaterielle kulturarven og ikkje alle formar for immateriell kulturarv. Vil det kunne få konsekvens for statlege prioriteringar på kulturarvområdet og arbeidet for eit samla vern om den immaterielle kulturarven?

Noregs Ungdomslag ser fram til å følgje det vidare arbeidet med ny Kulturmiljølov, og bidreg gjerne dersom utvalet ser behov for ytterlegare innspel.

Beste helsing

Noregs Ungdomslag

Torbjørn Bergwitz Lauen  
Styrelseiar

Magni Hjertenes Flyum  
Generalsekretær